



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Revidert Samarbeidsavtale for Kommunalt oppgavefelleskap for Klima og miljøberedskap i Telemark

Vedlegg

- 1 Samarbeidsavtale Klima og miljøberedskapen i Telemark.pdf
- 2 Notat til samarbeidsavtale - anskaffelsesforskriften §3.pdf

Dokument i saka

Gjeldande samarbeidsavtale

Bakgrunn

Klima- og miljøberedskapen i Telemark er organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap, med ein samarbeidsavtale vedtatt av samtlege 17 kommunestyre i Telemark. Avtalen trådde i kraft 1. januar 2024.

I løpet av våren 2025 er avtalen revidert etter innspel frå Vestfold og Telemark Revisjon og juridisk rådgivar hos Samfunnsbedriftene. Formålet med revisjonen har vore å sikre at avtalen er juridisk og rekneskapsmessig korrekt. Revidert avtale krev politisk handsaming og likelydande vedtak i alle deltakarkommunane.

Vurdering

Samarbeidsavtale: Endringane i avtalen er i hovudsak av teknisk og juridisk karakter. Den mest vesentlege endringa er at omgrepet "daglig leder" er fjerna, og at kommunanes bidrag til oppgåvefellesskapet er tydelegare definert. Dette er gjort for å sikre at samarbeidet klassifiseres som ein samarbeidsavtale og ikkje som ein anskaffelse.

Revidert avtale er behandla og samrøystes tilrådd av:

- Beredskapsstyret for brannsjefane i Telemark (22. april 2025)
- Representantskapet for kommunane (6. juni 2025)

Det er samrøystes tilråding til dei samarbeidande kommunane om å vedta revidert samarbeidsavtale med likelydande vedtak i alle deltakarkommunane i Telemark.

Framdrift og vidare prosess: For at avtalen skal tre i kraft, må alle deltakarkommunar fatte likelydande vedtak innan utgangen av 2025.

Økonomiske konsekvensar: Forslag til vedtak inneberer ingen endringar i økonomiske forpliktelsar for kommunen.

Kommunedirektøren ber kommunestyret om å godkjenne revidert samarbeidsavtale for Kommunalt oppgavefelleskap for Klima og miljøberedskapen i Telemark.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Vedlagd revidert Samarbeidsavtale for Kommunalt oppgavefelleskap for Klima og miljøberedskap i Telemark blir vedtatt.
2. Notat med vurdering av avtalen i henhold til anskaffelsesforskriften (vedlegg 1.1) blir tatt til orientering